

Til naboar og offentlege høyringsinstansar

[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)  
[post@abo-ark.no](mailto:post@abo-ark.no)

**Avdeling Os**

Org.nr. 879 951 542  
Hamnevegen 53,  
PB. 291, 5203 Os  
Tlf: 56 57 00 70

**Avdeling Stord**

Org.nr. 917 495 637  
Torgbakken 9  
PB. 667, 5404 Stord  
Tlf: 53 40 37 80

Os, 22.10.2025

**Reguleringsplan for Austevoll fiskerihamn, Salthella, Djupevåg, del av Gnr. 11, 12, 13, planid. 4625\_20120008.**

**Varsel om oppstart av planendring**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 og i samsvar med vedtak i kommunestyresak 46/2025, vert det varsla oppstart av planendring for reguleringsplan for Austevoll fiskerihamn, Salthella, Djupevåg, del av gnr. 11, 12, 13, planid. 4625\_20120008.

**Om planarbeidet**

Planområdet ligg nordvest på øya Selbjørn, i Austevoll kommune. Heile det opphavelge planområdet er omfatta av planendringa.

I gjeldande arealdel til kommuneplanen (KPA) for Austevoll kommune, er fleire av dei regulerte felt for byggeføremål avsett til LNF-område. Arealdelen tredde i kraft 18.06.2013. Pkt. 1.7 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel fastslår at reguleringsplanen for Austevoll fiskerihamn skal gjelde, men seier samstundes at kommuneplanen gjeld føre eldre reguleringsplanar og liknande planar der slike planar strir mot innhaldet i kommuneplanen. Med bakgrunn i dette har Austevoll kommune konkludert at det må utarbeidast reguleringsendring for heile planen, jf. K-sak 46/2025, møtedato 10.04.2025.

Føremålet med planendringa er å stadfeste arealføremåla i gjeldande plan, og å tilpassa reguleringsplanen i høve til etablert situasjon. Avvik mellom bygd vegtrasé og regulert vegtrasé må endrast slik at regulert løysing vert i samsvar med bygd løysing. Arealformål, utnyttingsgrad, mønehøgde og reguleringsføresegner for areala frå gjeldande reguleringsplan skal i hovudsak vidareførast i planendringa, men med nokre mindre tilpassingar. Austevoll kommune har, i forkant av oppstart av planendring, bedt råka grunneigarar om å gje innspel dersom dei har ønskje om endringar for sine eigedomar. Innkomne innspel er nærare omtalt i planinitiativet.

Forslagsstillar er Austevoll kommune. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.  
Nærare informasjon om planarbeidet finn ein på ABO Plan & Arkitektur AS si heimeside (<https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>) og på Austevoll kommune sine heimesider under høyringar og kunngjeringar.

### **Konsekvensutgreiing**

Det vert utarbeidd konsekvensutgreiing for landskap, forureining (støy, støv, luft) og naturverdiar (land og sjø).

### **Frist for innspel**

Frist for innspel og merknader til varsel om oppstart av planendring er sett til **21.11.2025**. Innspel og merknader må sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur AS  
Postboks 291, 5203 Os  
e-post: [offentlig.ettersyn@abo-ark.no](mailto:offentlig.ettersyn@abo-ark.no)

Eventuelle spørsmål kan rettast til ABO Plan & Arkitektur AS:  
v/Merete Lunde, mob: 95 22 55 58, e-post: [merete@abo-ark.no](mailto:merete@abo-ark.no)

eller:

Eigdomsforvaltar Kai Bærheim, Austevoll kommune  
Kai.baerheim@austevoll.kommune.no, mobil 45 40 46 09

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av innspel og merknader til Austevoll kommune, dette vil verte ivareteke av ABO Plan & Arkitektur AS. Alle mottatte dokument, innspel/merknader o.l. vert sendt samla til kommunen saman med planforslaget og svara ut i merknadsskjema som følgjer planforslaget.

Med venleg helsing  
ABO Plan & Arkitektur AS

**Merete Lunde**  
Arealplanleggar

Vedlegg: Plangrense datert 08.09.2025 og oversiktskart